



(Foto: ÅI Utvikling)

Veståsen har mange mogelegheiter for ivrige turgåarar. Bruk kartet og skilta og finn din eigen runde, eller bruk denne om du vil.

Går du austre stigen opp, fra Kraftlinevegen, kjem du bort i Kulu med fleire vakre små fall. Så ber det innover slake Veståsen med vide myrer og vakker gammal gran-, furu- og bjørkeskog og lavgrodde steinblokker. Frå Nysetfjellet (1180 moh) får du vide utsyn over skog og vatn på Veståsen. Mefaringen og Holli er idyllar med minningar om stølslivet slik det eingong var.

Du kan velje mellom ei rekke lange og korte turar på Veståsen. Stigane er godt skilta med namn og avstandar.

I starten er stigane ganske bratte, og stig om lag 500 meter inn til Mefaringen. Med start frå Kraftlinevegen gjer ein turane 1 km kortare og slepp 150 m stigning. Stigane er veltråkka gamle stølsvegar med stein og røter iblant.

Turane går for det meste i blandingsskog, men på Nysetfjellet er ein over tregrensa. Noko myr gjer støvlar eller fjellsko tilrådeleg. Det er lagt klopp over Kulu.

- 1) Fylg Stasjonsvegen over elva, bru over jernbanen, opp Vestlivegen, inn Nysetvegen eller «Kraftlinevegen».
- 2) Stasjonsvegen, Vestlivegen, høgre inn Strandalivegen, venstre inn Hasebråtvegen, Heftevegen til Hefte.
- 3) Rv. 7 mot Geilo, til venstre over Vangebrua, til Skjølet.



Parkering ved bom.



Hefte – Nyset – Skjølet ca. 17 km.
Sjå skilt og kart for fleire distansar.



Gamle stølar.



For turgåarar som toler litt motbakke.

**For meir detaljert kart:
Veståsen/Sangefjell**

